

## **Forslag til handlingsprogram for 2015, Regional plan for museum 2011-2015**

### **Kjerneområde Fornyning**

#### **Økonomi**

Tiltak 1	Finansiering – drift og investeringar
Tiltak 2	Kulturelt utviklingsprogram

#### **Organisering**

Tiltak 3	Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolidering
Tiltak 4	Museum utanom dei konsoliderte musea - samarbeidsordningar

#### **Regional og fagleg rollefordeling**

Tiltak 5	Styrking av regionalt ansvarsmuseum
Tiltak 6	Ivaretaking av frivillig sektor
Tiltak 8	Styrking av tematisk ansvarsmuseum
Tiltak 9	Klargjering av Bergen Museum si regionale rolle

#### **Nasjonalt og internasjonalt samarbeid**

Tiltak 10	Museum får ansvar for formidling av verdsarv
Tiltak 11	Vidareutvikling av økonomuseum
Tiltak 12	Stimulera musea til å ta del i internasjonalt samarbeid
Tiltak 13	Etablering av nettverk for mellomalderklostra og pilgrimskyrkjene på Vestlandet

## Kjerneområde Forvaltning

### Sikring og bevaring av samlingar og kulturminne

Tiltak 14	Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern
Tiltak 17	Utgreiing av nye fellestenester for fotografi
Tiltak 18	Nye fellestenester for konservering av biletkunst og skulptur
Tiltak 19	Nye fellestenester for konservering av papir, digitalisering og bevaring av elektroniske data og elektronisk skapte arkiv
Tiltak 21	Registrering og formidling av arkiv
Tiltak 23	Forvaltning av kunstnarheimar
Tiltak 24	Sorenskrivargarden på Hesthamar
Tiltak 26	Kulturlandskap

### Samfunn og samlingane

Tiltak 27	Krigs- okkupasjons og forsvarshistorie
Tiltak 28	Samtidsdokumentasjon og nyare historie
Tiltak 29	Utlån/deponi til kommunane
Tiltak 30	Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum

### Koordinering og prioritering av samlingane

Tiltak 32	Felles plan for samlingsforvaltninga
-----------	--------------------------------------

## Kjerneområde Forsking og kunnskapsutvikling

### Rollefordeling og planlegging innan forskning og kunnskapsutvikling

Tiltak 34	Forskingssamarbeid mellom UiB og dei konsoliderte musea
Tiltak 35	Master- og doktorgradsstipend for bruk i musea

## Immateriell kulturarv

Tiltak 36	Etablering av Hardingfelesenter
Tiltak 37	Kompetanseheving innan immateriell kunnskap
Tiltak 38	Mangfaldsperspektivet

## Kjerneområde Formidling

### Formidling av kunnskap og opplevingar

Tiltak 39	Styrking av digital formidling
Tiltak 40	Prosjekttilskot til basisutstillingar
Tiltak 41	Universell utforming

## Musea i samfunnsdebatten

Tiltak 42	Musea i samfunnsdebatten
Tiltak 44	Medverknad ved store jubileum
Tiltak 45	Den kulturelle skulesekken
Tiltak 46	Musea og reiselivet

## Kjerneområde Fornying

### Økonomi

*Delmål Musea skal ha ein økonomi som set dei i stand til å kunne utføre sitt samfunnsoppdrag*

### Organisasjon

*Delmål Musea skal utviklast som solide organisasjonar slik at dei best mogleg kan utføre sitt samfunnsoppdrag*

### Regional og fagleg rollefordeling

*Delmål Museumspolitikken skal forankrast i regionale forhold. Gjennom styrking av regionale ansvarsmuseum og tydeleggjering av den regionale rolla, skal alle museumsverksemdar i Hordaland få eit fagmiljø å halde seg til. Som ein del av dette, må det skje ei formalisering og styrking av det kommunale engasjementet på museumsområdet*

*Delmål Fagleg ansvarsmuseum skal ha klart definerte roller i museumslandskapet*

## Nasjonalt og internasjonalt samarbeid

*Delmål Det skal stimulerast til samarbeid og nye tiltak som kan styrkja dagens museumsarbeid nasjonalt og internasjonalt*

Tiltak 1	Finansiering – drift og investeringar
<b>Innhald</b>	<p>Dette er eit prioritert tiltak i Museumsplanen. Betring i musea sine økonomiske rammer er ein føresetnad for at dei nasjonale og regionale måla i museumspolitikken vert nådd. Musea melde for perioden 2012-2015 om eit omfattande behov for auka driftsmidlar. Det samla behovet for investeringsmidlar er også monaleg stort.</p> <p>Budsjettauke i 2015 på 2 mill kr. Samla driftstilskot frå fylkeskommunen er på 48,01 mill. kr. I tillegg kjem 600 000 kr øymerka kommunal medverknad og 2 mill kr. til oppfølging handlingsprogram Museumsplanen.</p>
<b>Ansvar</b>	Staten, Hordaland fylkeskommune, kommunar, musea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	200 000 kroner av museumsplanmidlar til prosjekt om utgreiing av den fysiske tilstanden ved museumsbygga/kartlegging av behov (museumsløft)
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	Behovet for drifts- og investeringsmidlar er så stort at ein er avhengig av årleg auke på kommunale, fylkeskommunale og statlege budsjett, samstundes som musea må ha eit kritisk blick på eiga verksemd. Musea er i gang med eit utgreiingsarbeid
<b>Status</b>	Kontinuerleg

Tiltak 2	Kulturelt utviklingsprogram
<b>Innhald</b>	Kulturelt utviklingsprogram er innretta mot nokre klart definerte programsatsingar. Programmet har løfta fram to museumssatsingar (Hardingfelesenter og Olav H. Hauge). Retningslinene til KUP skal reviderast våren 2015. Dette kan opne for at fleire museumsprosjekt kan søkje om midlar.
<b>Ansvar</b>	Hordaland fylkeskommune
<b>Samarbeidspartnarar</b>	Musea
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	Revidering av retningslinene for KUP kan leggje opp til eit program som opnar for at fleire museum kan søkje.
<b>Status</b>	Kontinuerleg

Tiltak 3	Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolidering
<b>Innhald</b>	<p>Frå statleg hald er det ønskeleg med ytterlegare konsolideringar. Ein kan rekne med statleg medverknad i slike prosessar.</p> <p>Det er ingen konsolideringsplanar i inneverande museumsplanperiode. Tiltaket står i samanheng med tiltak 4.</p> <p>Ein ser etterkvart behovet for ei regional evaluering av konsolideringsprosessen. Det er ikkje gjort eit stort arbeid nasjonalt for å sjå på dei ulike tilhøva ved konsolideringa.</p>
<b>Ansvar</b>	Staten, Hordaland fylkeskommune, museum
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	400 000 kroner til eit utvida forprosjekt som skal evaluere konsolideringsprosessen i Hordaland.
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	Før hausten 2015 utarbeide utlysingstekst for eit slikt oppdrag som skal handsamast politisk
<b>Status</b>	Hardanger og Voss museum har gjennomført ei evaluering med ekstern konsulent. Ein ser fleire utfordringar og behov for ei heilskapleg evaluering.

Tiltak 4	Musea utanom dei konsoliderte musea - samarbeidsordningar
<b>Innhald</b>	<p>Lokale museum og samlingar som ikkje er del av konsoliderte einingar, har i regelen tre hovudalternativ for organisering: 1. Kommunen/private driv museet/samlinga. 2. Kommunen inngår ein samarbeidsavtale med eit regionalt ansvarsmuseum som får eit museumsfagleg ansvar for museet. Kommunen betalar for denne tenesta. 3. Museet vert teke inn i eit konsolidert museum. Ei konsolidering vil få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet, og må såleis handsamast politisk av Hordaland fylkeskommune.</p> <p>Museet må ha ein økonomi som gjer det forsvarleg for den konsoliderte eininga å ta over ansvaret.</p>
<b>Ansvar</b>	Kulturdepartementet, Hordaland fylkeskommune, regionmusea, kommunar
<b>Samarbeidspartnarar</b>	Sogelag, venelag
<b>Kostnad og finansiering</b>	Sjå tiltak 5
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	God nok økonomi i musea som ynskjer å gå inn i et konsolidert museum, kommunal medverknad og

	økonomi
<b>Status</b>	Kontinuerleg

<b>Tiltak 5</b>	<b>Styrking av regionalt ansvarsmuseum</b>
<b>Innhald</b>	<p>Dette er eit prioritert tiltak i Regional plan for museum. Fem av dei konsoliderte musea er regionale ansvarsmuseum. Hordaland fylkeskommune vil ta eit økonomisk ansvar, under føresetnad om at kommunane som mottar tenester frå dei regionale ansvarsmusea er med i spleiselaget. I tillegg kjem ordninga med bygningsvernkonsulent, sjå tiltak 14. Musea får/ser behov for dokumentasjon av endringsprosessar i kraft av dette ansvaret.</p>
<b>Ansvar</b>	Hordaland fylkeskommune, kommunar, regionmusea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	200 000 kroner til dokumentasjonsprosjekt knytt til oppgåva som regionalt ansvarsmuseum
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	<p>Dei regionale ansvarsmusea må definere rolla si breiare enn til rådgjevingsoppgåver</p>
<b>Status</b>	Ei satsing i museumsplanperioden

<b>Tiltak 6</b>	<b>Ivaretaking av frivillig sektor</b>
<b>Innhald</b>	<p>Frivillig sektor er eit lokalt ansvar for kommunane, men fylkeskommunen har gjennom sin museumspolitikkk moglegheit til å ta grep på området. Etablering av regionale ansvarsmuseum er fylkeskommunens hovudstrategi. Det er viktig å få oversikt over samlingane (sjå tiltak 32).</p>
<b>Ansvar</b>	Regionale ansvarsmuseum
<b>Samarbeidspartnarar</b>	Hordaland fylkeskommune, frivillige organisasjonar, kommunar
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Kontinuerleg

Tiltak 8	Styrking av tematisk ansvarsmuseum
<b>Innhald</b>	<p>Dette er eit prioritert tiltak. KODE, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Baroniet i Rosendal er tematiske ansvarsmuseum med fagleg ansvar for sine tema i fylket. Definerings av kvart museum sine tematiske oppgåver og rollefordeling mellom tema og geografi er ei vesentleg oppgåve i tiltaket. Musea har fått midlar til utgreiing.</p>
<b>Ansvar</b>	<p>Hordaland fylkeskommune, staten, kommunar, museum</p>
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	<p>Samarbeid med andre institusjonar og kommunar</p>
<b>Status</b>	<p>Dei tre musea har fått midlar til slike utgreiingar. Så langt har Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum levert si utgreiing.</p>

Tiltak 9	Klargjering av Universitetsmuseet i Bergen si regionale rolle
<b>Innhald</b>	<p>Universitetsmuseet i Bergen er eit statleg universitetsmuseum med mange fagfelt, både kultur- og naturhistoriske. Med si forankring i Universitetet i Bergen er museet ein viktig ressurs i styrking av dei forskingsrelaterte aktivitetar ved dei konsoliderte musea. Det vert arbeida vidare med dette tiltaket i 2015 ( sjå døme på samarbeid/dialog i statusrapporten for 2014).</p>
<b>Ansvar</b>	<p>Universitetet i Bergen, musea</p>
<b>Samarbeidspartnarar</b>	<p>Hordaland fylkeskommune, kommunar</p>
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	<p>Ei auka tilnærming og bevisstgjerings av Universitetsmuseet i Bergen si rolle regionalt inneber jamleg dialog</p>
<b>Status</b>	<p>Tiltak er gjennomført.</p>

Tiltak 10	Museum får ansvar for formidling av verdsarv
<b>Innhald</b>	<p>Ingen av dei sju norske verdsarvstadene har egne formidlingssenter, men Miljøverndepartementet arbeider med å forme statleg politikk på feltet. I Hordaland er formidlinga av Bryggen knytt til Bymuseet og Museum Vest, medan Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum har formidlingsansvar for Tysedal kraftanlegg.</p> <p>Det vert forventa at Bymuseet og Museum Vest utviklar ein felles strategi for formidlinga av verdsarvstaden.</p>
<b>Ansvar</b>	Staten, kommunar, Bymuseet i Bergen, Museum Vest, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	Det er føresett at dette tiltaket vil ha eiga finansiering, med statleg medverknad
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	Miljøverndepartementet si oppfølging av norsk verdsarvpolitikk
<b>Status</b>	Museum Vest og Bymuseet i Bergen har fått museumsplanmidlar til utgreiing om digital formidling. Dei er i 2015 i gong med eit forprosjekt om verdsarvsenter.

Tiltak 11	Vidareutvikling av økonomuseum
<b>Innhald</b>	Økonomuseum er ei levande handverksverksemd der handverkstradisjonar og historie vert synleggjort gjennom utstilling.
<b>Ansvar</b>	Hordaland fylkeskommune, musea, Economusee
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	EU-finansiering
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Oppstart/framdrift april 2011 ut 2013. Fleire økonomuseum er med i reiselivssatsing. Tiltaket har ikkje fått midlar via museumsplanen.

Tiltak 12	Stimulera musea til å ta del i internasjonalt arbeid
<b>Innhald</b>	<p>Hordaland fylkeskommune skal ha eit aktivt internasjonalt engasjement. Musea skal ha ei viktig rolle i det internasjonale arbeidet, med føremål å heve kvaliteten på musea gjennom utveksling av kunnskap etc.</p> <p>Hordaland fylkeskommune etablerer møteplassar. Det er viktig at musea tar i bruk støtteordningar. D</p> <p>Det er ikkje gitt museumsplanmidlar til dette tiltaket. Vi viser til prosjekt gjennom samarbeidet med Basse-Normandie.</p>
<b>Ansvar</b>	Norsk Kulturråd, Vestnorsk Brusselkontor, Hordaland fylkeskommune, musea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Kontinuerleg

Tiltak 13	Etablering av nettverk for mellomalderklostra og pilgrimskyrkjene på Vestlandet
<b>Innhald</b>	<p>Det skal etablerast eit nettverk for mellomalderklostra og pilgrimskyrkjene på Vestlandet. Sunnhordland museum skal vere ein sentral aktør.</p> <p>Sunnhordland museum har i 2012 fått 25 000 kr av museumsplanmidlar til klosternettverk.</p>
<b>Ansvar</b>	Sunnhordland museum, Hordaland fylkeskommune
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Nettverk er etablert. Tiltaket er fullført.

## Kjerneområde Forvaltning

### Sikring av bevaring av samlingar og kulturminne

*Delmål Musea skal styrkast i arbeidet med kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern*

*Delmål Musea sine samlingar skal sikrast og bevarast best mogleg og gjerast tilgjengeleg for publikum og forskning.*

### Samfunnet og samlingane

*Delmål Forvaltinga av samlingane knytt til krigs- okkupasjons og forsvarshistorie skal styrkast, saman med auka forskning og formidling innan feltet*

*Delmål Samlingane skal rykkja nærmare publikum*

### Koordinering og prioritering av samlingane

*Delmål Samlingsforvaltinga ved musea i Hordaland må koordinerast, og som ein del av dette må det skje ei prioritering av samlingane*

Tiltak 14	Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern
<b>Innhald</b>	Av 33 kommunar i Hordaland er det berre Bergen som har eiga kulturminneavdeling (Byantikvaren). Mangel på kulturminnevernstillingar i kommunane gjev eit sårbart kulturminnevern på lokalt nivå. Ordninga med bygningsvernkonsulentar skal byggjast ut, slik at alle kommunar får tilgang til same teneste. Dette er eit spleiselag mellom kommunar og fylkeskommune. I 2015 er det løyvd 600 000 kr til delfinansiering av to slike stillingar.
<b>Ansvar</b>	Hordaland fylkeskommune, kommunane
<b>Samarbeidspartnarar</b>	musea
<b>Kostnad og finansiering</b>	600 000 kr til delfinansiering av to bygningsvernkonsulentstillingar
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	Gjennomføringa krev at musea i større grad enn før rettar ressursane sine utover og tek ei sterkare samfunnsrolle. Det er også viktig at alle aktuelle kommunar ser behovet for å ta del i finansieringa av dei prosjektstillingane som no vert etablert.
<b>Status</b>	I museumsplanperioden har Museum Vest og Sunnhordland museum etablert to prosjektstillingar. Etablering av bygningsvernkonsulent for Hardanger og Voss museum og Voss kommune vert no prioritert.

Tiltak 17	Utgreiing om nye fellestenester for fotografi
<b>Innhald</b>	<p>Eit forprosjekt om Hordaland skal etablere ei fellesteneste for magasinering og konservering av fotografi.</p> <p>Handlingsprogrammet for 2014 signaliserte at tiltaket vart å kome attende til med museumsplanmidlar i 2015.</p>
<b>Ansvar</b>	Universitetet i Bergen, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Universitetsbiblioteket i Bergen, KODE, Norsk Kulturråd
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	150 000 kroner til forprosjekt om fellesteneste for magasinering og konservering av fotografi
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	Ei realistisk vurdering av kva som er behov og gode løysingar
<b>Status</b>	Oppstart 2015

Tiltak 18	Nye fellestenester for konservering av biletkunst og skulptur
<b>Innhald</b>	<p>KODE har sett i gang arbeid for å møte eigne behov for magasinering og konservering av biletkunst og skulptur, samtidig som dette kan gje eit tilbod til andre museum og brukarar.</p> <p>I 2012 fekk KODE 200 000 kr av museumsplanmidlar til utgreiing som knutepunktfunksjon.</p>
<b>Ansvar</b>	Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, KODE
<b>Samarbeidspartnarar</b>	Andre konsoliderte museum
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Hordaland fylkeskommune ser fram til å få utgreiinga. Utgreiinga kan sjåast i samanheng med felles plan for samlingsforvaltning.

<b>Tiltak 19</b>	<b>Nye fellestenester for konservering av papir, digitalisering og bevaring av elektroniske data og elektronisk skapte arkiv</b>
<b>Innhald</b>	Bergen byarkiv har ansvar for å yte fellestenester
<b>Ansvar</b>	Hordaland fylkeskommune, Bergen byarkiv, kommunar, musea, arkivsektoren, Norsk Kulturråd
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Musea er i dialog for å finne løysingar når det gjeld konservering av papir. Prosessen starta hausten 2014.

<b>Tiltak 21</b>	<b>Registrering og formidling av arkiv</b>
<b>Innhald</b>	Alle musea må få tilgang til å registrere samlingane online i programvara ASTA
<b>Ansvar</b>	Hordaland fylkeskommune
<b>Samarbeidspartnarar</b>	Musea
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Tiltak har ikkje vore gjennomført slik det vart skissert handlingsprogram for 2014. Eit møte med musea med omsyn til ulike driftsløysingar skal arrangerast i 2015.

Tiltak 23	Forvaltning av kunstnarheimar
<b>Innhald</b>	I Hordaland finst fleire kunstnarheimar som er i privat eige og tilfredsstillande forvalta. Hordaland fylkeskommune bør vere merksam dersom forvaltningssituasjonen endrar seg. Olav H. Hauge-senteret er konsolidert med Nynorsk Kultursentrum, og bør inngå i eit fagleg samarbeid med KODE. Det er ei oppgåve å dokumentere kunstnarheimar.
<b>Ansvar</b>	Hordaland fylkeskommune, kommunar, musea, bibliotek og arkiv
<b>Samarbeidspartnarar</b>	Private eigarar
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Tiltaket fekk museumsplanmidlar i 2013 og 2014. Olav H. Hauge-senteret skal gjennomføre si utgreiing innan hausten 2015.

Tiltak 24	Sorenskrivargarden på Hesthamar
<b>Innhald</b>	Det er sett ned ei arbeidsgruppe (2011). Det trengs midlar til istandsetting. NIKU har laga planar for bevaring. Ullensvang herad har tidlegare løyvd midlar, og tiltaket har fått midlar frå museumsplanen.
<b>Ansvar</b>	Hardanger og Voss museum, Hordaland fylkeskommune, Ullensvang herad
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	Igangsetjingsarbeidet er omfattande
<b>Status</b>	Tiltaket fekk 100 000 kroner av museumsplanmidlar i 2013

Tiltak 26	Kulturlandskap
<b>Innhald</b>	Baroniet i Rosendal, Museumssenteret i Hordaland og Hardanger og Voss museum arbeider med kulturlandskap som ein vesentlig del av museumsverksemda. Kulturlandskapet skal reknast til musea sine samlingar på line med bygningar og gjenstandar. Kulturlandskap skal såleis inn i arbeidet med samlingsplanar (tiltak 32) og det skal arbeidast for at kulturlandskap og hage med levande dyr og plantar bør inn i museumsstatistikken
<b>Ansvar</b>	Baroniet Rosendal, Museumssenteret i Hordaland, Hardanger og Voss museum, Hordaland fylkeskommune, Universitetet i Bergen, Bergen Museum, Fylkesmannen i Hordaland
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Kontinuerleg

Tiltak 27	Krigs- okkupasjons og forsvarshistorie
<b>Innhald</b>	<p>Museum Vest har eit koordinerande ansvar for temaet krig-, okkupasjons- og forsvarshistorie. Dei oppgåvene museet har for anlegga Fjell festning, Herdla torpedobatteri og konsolideringsprosess knytt til Espeland fangeleir, krev eit økonomisk løft.</p> <p>Temaet er aktuelt for dei fleste musea i fylket og ein viktig del av fylket si internasjonale historie og såleis også veileigna for internasjonale prosjekt</p>
<b>Ansvar</b>	Staten, Hordaland fylkeskommune, kommunar, Museum Vest
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Tiltaket har fått museumsplanmidlar tidlegare

Tiltak 28	Samtidsdokumentasjon og nyare historie
<b>Innhald</b>	Samtidsdokumentasjon og fokus på nyare historie er en del av samfunnsoppdraget. Løyvinga til utstillingar i 2013 har fokus på samtid
<b>Ansvar</b>	Musea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Kontinuerleg

Tiltak 29	Utlån/deponi til kommunane
<b>Innhald</b>	Ein vesentleg del av gjenstandssamlinga ved Universitetsmuseet i Bergen er henta frå Hordaland. Det vil vere av interesse at gjenstandar kan lånast ut eller deponerast. Regionmusea kan vere ein kanal for slik praksis. Sjå tiltak 9.
<b>Ansvar</b>	Universitetet i Bergen, Hordaland fylkeskommune, musea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	Universitetsmuseet i Bergen bør ha ein formidlingsplan som også konkretiserer utlånsordningar for Den kulturelle skulesekken
<b>Status</b>	Kontinuerleg

Tiltak 30	Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum
<b>Innhald</b>	Musea i Hordaland bør vere i fremste rekkje nasjonalt innan det digitale området og ta initiativ til og utvikle prosjekt som kan få støtte til nasjonale midlar. Ein må prioritere arbeidet med digitalisering av gjenstandar, foto, film, lyd, kart, teikningar. Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland, skal framleis samordne arbeidet med PRIMUS. Sunnhordland museum, Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum og Hardanger og Voss museum har tidlegare fått midlar til tiltaket
<b>Ansvar</b>	Norsk kulturråd, Hordaland fylkeskommune
<b>Samarbeidspartnarar</b>	Musea
<b>Kostnad og finansiering</b>	300 000 kroner av museumsplanmidlar i 2015 til digitalisering
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	4 av dei konsoliderte musea har fått museumsplanmidlar til dette tiltaket. Viktig at dei andre 6 også får tilsvarende midlar.

Tiltak 32	Felles plan for samlingsforvaltninga
<b>Innhald</b>	Dette er eit prioritert tiltak. Det skal lagast ein felles plan for samlingsforvaltninga. Under tiltaket høyrer også utvikling og utviding av Bevaringstenestene. Bevaringstenestene manglar nødvendig utstyr for å kunne gi eit godt tilbod. I 2012 vart det løyvd 900 000 kr av museumsplanmidlane til Thermo Lignum-kammer, som utgjer halvparten av kostnaden. Prosjektet er enno ikkje fullfinansiert. Utstyret er veldig viktig for dei tenestene Bevaringstenestene skal gi. 750 000 kroner av museumsplanmidlane til utvikling av Bevaringstenestene
<b>Ansvar</b>	Norsk Kulturråd, Hordaland fylkeskommune, musea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	750 000 kroner av museumsplanmidlar i 2015 til utvikling av Bevaringstenestene
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	

<b>Status</b>	Arbeidet med felles samlingsforvaltningsplan skal slutførast i 2015.
---------------	--

## Forskning og kunnskapsutvikling

### Rollefordeling og planlegging innan forskning og kunnskapsutvikling

*Delmål Musea skal styrkjast innan forskning og kunnskapsutvikling, og må ha planverktøy som definerer arbeidet*

### Forskingssamarbeid

*Delmål Musea skal auka forkingssamarbeidet, både i museumsnettverket og mellom musea og forskingsmiljøet i kunnskapssektoren*

### Immateriell kulturarv

*Delmål Forsking, kunnskapsutvikling og formidling innan immateriell kulturarv skal prioriterast*

<b>Tiltak 34</b>	<b>Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea</b>
<b>Innhald</b>	<p>Dette er eit prioritert tiltak. Stortingsmeldinga <i>Framtidas museum</i> legg vekt på samarbeid mellom musea og universitet og høgskular.</p> <p>To tiltak som vert foreslått er at ein nyttar dei moglegheiter som Det regionale forskingsfondet gjev gjennom sine program. I tillegg bør ein vurdere oppretting av eit fagleg råd i samarbeid med Universitetet i Bergen.</p> <p>I 2014 arrangerte Bymuseet i Bergen ein workshop der musea og representantar frå høgskular/universitet kjem saman for å diskutere ulike samarbeidsformer. Midlane kom frå museumsplanen</p>
<b>Ansvar</b>	Musea, Universitetet i Bergen
<b>Samarbeidspartnarar</b>	Hordaland fylkeskommune
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	Universitet og høgskular må ha mål om forkingssamarbeid med musea. Musea må ha personale med forskingskompetanse.
<b>Status</b>	Workshop vart gjennomført våren 2014. Tiltaket er fullført.

Tiltak 35	Master- og doktorgradsstipend til bruk i musea
<b>Innhald</b>	<p>Hordaland fylkeskommune har oppretta ein årleg pott på 200 000 kroner til åtte studentar som utfører masteroppgåver innan forskingsprosjekt ved musea. Musea skal vere søkarar. Dei skal delta med meirfinansiering for å styrkje tiltaket fagleg.</p> <p>Det skal også arbeidast for at det regionale forskingsfondet opprettar doktorgradstipend, øyremerkte prosjekt knytt til museum i Hordaland</p>
<b>Ansvar</b>	Regionalt forskingsfond
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Tiltaket er ikkje gjennomført.

Tiltak 36	Etablering av Hardingfelesenter
<b>Innhald</b>	<p>Dette er eit prioritert tiltak, og viser til at Hordaland har eit ansvar for den sentrale rolla Hardanger har innan hardingfeletradisjonen som såleis er ein viktig del av regionen sin immaterielle kulturarv. 300 000 kroner av museumsplanmidlar i 2013 til hovudprosjekt.</p>
<b>Ansvar</b>	Hardanger og Voss museum har ansvar for gjennomføring av forprosjektet
<b>Samarbeidspartnarar</b>	Kommunane i Hardanger og Voss v/Hardangerrådet, Hordaland fylkeskommune, Hardanger spelemannslag
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Arbeid med hovudprosjekt er godt i gang.

Tiltak 37	Kompetanseheving innan immateriell kunnskap
<b>Innhald</b>	<p>Tiltaket er nasjonalt prioritert gjennom Kulturrådet. Hordaland vil kunne vere eit fagleg sentrum for handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv. Det er behov for å styrkje kompetansen innan feltet, også i frivillig sektor og offentleg forvaltning. Dei konsoliderte musea må saman med andre aktørar initiere faglege samlingar, kurs og utdanning.</p> <p>Museumssenteret i Hordaland, avdeling Osterøy museum, har arrangert seminar i 2014 for å drøfte desse problemstillingane. Fekk 50 000 kr av museumsplanmidlane i 2014. Tiltaket er viktig å føre vidare.</p>
<b>Ansvar</b>	Musea, Vestnorsk kulturakademi, Hordaland fylkeskommune
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Arbeid er i gong for å løfte fram temaet/finne løysingar

Tiltak 38	Mangfaldsperspektivet
<b>Innhald</b>	<p>Norsk kulturråd har mangfaldsperspektivet som eit prioritert tema. Det er nasjonal politikk at musea skal ha ei særleg viktig oppgåve i dokumentasjon og innsamling relatert til innvandring. Det vil vere eit vilkår for tildelingar frå Hordaland fylkeskommune si side at temaet er prioritert i musea sitt arbeid.</p>
<b>Ansvar</b>	Musea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Kontinuerleg

## Formidling

### Formidling av kunnskap og opplevingar

*Delmål Musea skal nå publikum med kunnskap og opplevingar og vera tilgjengeleg for alle*

### Musea i samfunnsdebatten

*Delmål Musea skal vere aktuelle og ta ei aktiv rolle i samfunnsdebatten*

### Målretta formidlingstiltak

*Delmål Musea skal ha målretta formidlingstiltak og tilrettelegging for ulike grupper, med vekt på born og unge*

Tiltak 39	Styrking av digital formidling
<b>Innhald</b>	Tiltaket har samanheng med at det må skje ei radikal utvikling på området digital formidling. Nettbasert formidling høyrer saman med satsinga på digitalisering av samlingar.  Sjå tiltak 30
<b>Ansvar</b>	Musea, Hordaland fylkeskommune
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Kontinuerleg i planperioden

Tiltak 40	Prosjekttilskot til basisutstillingar
<b>Innhald</b>	Tiltaket inneber at musea bør prøve ut nye formidlingsformer. I 2013 kom ei tilleggsøyving på 2 mill. kr som gjekk til utstillingar. Det er ikkje grunnlag for ei permanent, separat ordning.
<b>Ansvar</b>	Hordaland fylkeskommune, musea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Tilleggsøyving på 2 mill. kr til utstillingar i 2013. Utstillingane vert produsert i perioden 2013-2016.

Tiltak 41	Universell utforming
<b>Innhald</b>	Tiltaket viser til at musea er pålagt å ha universell utforming av verksemda sin «alminnelege funksjon» etter diskriminerings- og tilgjengelova. Musea skal innrette seg etter Hordaland fylkeskommune sin plan for universell utforming
<b>Ansvar</b>	Musea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Kontinuerleg

Tiltak 42	Musea i samfunnsdebatten
<b>Innhald</b>	Dette er eit prioritert tiltak, og viser hovudmålet i Hordaland fylkeskommune si museumspolitik. Musea skal vere synlege samfunnsaktørar. Bymuseet i Bergen og Bergens Sjøfartsmuseum har fått midlar under dette tiltaket. Løyvingane under tiltak 40 vil også løfte musea som samfunnsaktør
<b>Ansvar</b>	Musea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Kontinuerleg. Det er løyvd til saman 250 000 kroner til dette tiltaket frå museumsplanmidlane i åra 2012-2015.

Tiltak 44	Medverknaad ved store jubileum
<b>Innhald</b>	Musea i Hordaland bør vere aktive i planlegging av prosjekt i tilknytning til større jubileum. Grunnlovsjubileet 2014 er den største hendinga i planperioden.
<b>Ansvar</b>	Staten, Hordaland fylkeskommune, kommunar og musea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Musea har mellom anna produsert jubileumsutstillingar. Hardanger og Voss museum fekk 100 000 kroner frå museumsplanmidlane til sin medverknaad. Tiltaket er fullført.

Tiltak 45	Den kulturelle skulesekken
<b>Innhald</b>	Born og ungdom er viktige målgrupper for musea. Den kulturelle skulesekken er sentral i denne samanhengen. Musea er ein mykje brukt arena for produksjonar i regi av Den kulturelle skulesekken. Framover bør musea i større grad vere produsent av tilbod for den kulturelle skulesekken, og DKS må innrettast slik at ordninga vert tilgjengeleg for alle musea i Hordaland. Særleg skal musea få ei sterkare rolle som produsent av vandreutstillingar.
<b>Ansvar</b>	Hordaland fylkeskommune, kommunar, musea
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Det er oppretta faggruppe for kulturminnevern og museum i DKS. Tiltaket er fullført

Tiltak 46	Musea og reiselivet
<b>Innhald</b>	Musea skal vere aktive aktørar i reiselivet. Musea og reiselivsfeltet må saman utgreie musea som attraksjon og reiselivsmål. Fleire museum har opplegg som er retta mot reiselivet.
<b>Ansvar</b>	Musea, reiselivsorganisasjonar
<b>Samarbeidspartnarar</b>	
<b>Kostnad og finansiering</b>	
<b>Kritiske suksessfaktorar</b>	
<b>Status</b>	Pågåande verdiskapingsprosjekt gir god kombinasjon av reiseliv og museumssatsing: Den kulturelle fjorden, Reiseliv i industriens vogge og Pilgrimsleia